

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 28.09.2006
Sakshandsamar: **Erik M. Hansen**
Vedrørende: **Nasjonal IKT – Strategi- og tiltaksplan for 2006/2007**

Styresak 090/06 B

Styremøte 11.10. 2006

Bakgrunn

Viser til sak 058/05 handsama av styret for Helse Vest RHF i møte 27.05.2005 vedrørende Nasjonal IKT-strategi.

Helse- og omsorgsdepartementet har gjennom protokoll frå føretaksmøta i januar 2006 gitt signal om det vidare arbeidet i regi av Nasjonal IKT. Vi viser her til protokoll frå føretaksmøtet, jfr. punkt 4.3.3;

"Føretaksmøtet viste til det felles arbeid som er satt i gang av Nasjonal IKT. Dette fangar opp intensjonen i protokoll frå føretaksmøtet 17. januar 2005 om utgreiing av samordning av relevante tenester (jf pkt. 4.3.1). Dette arbeidet skal bli ført vidare i regi av Nasjonal IKT. Det ble streka under at dette må ha solid forankring i leiinga i alle regionale helseføretak. Samordning av både infrastruktur og applikasjonar (administrative og medisinske/kliniske) skal inngå i dette arbeidet. Nasjonal IKT skal og sikre at det blir etablert ei felles forståing og felles strategi for analyser av risiko- og sårbarheit innan IKT og iverksetting av nødvendige kompenserande tiltak ."

Revisjon av strategiplanen

Styra i de 5 RHF godkjente våren 2004 "Overordnet IKT-strategi for de regionale helseforetakene". Strategi- og tiltaksplanen vart revidert i 2005 og sendt ut til alle RHF. Det er nå gjennomført ein ny revisjon av strategiplanen, denne gongen slik at den vert foreslått gjort gjeldande for 2006 og 2007. Strategien foreslår endringar i satsingsområde og nye tiltak innanfor ramma av Nasjonal IKT. Styringsgruppa for Nasjonal IKT godkjende i møte 13.03.2006 den reviderte strategiplanen med ein oppdatert tiltaksplan.

Den reviderte strategi- og tiltaksplanen for Nasjonal IKT vart lagt fram for styret i Helse Vest RHF i sak 046/06 i styremøtet 03.05.2006. Strategiplanen er og lagt ved som vedlegg 1 til denne saka. Tiltaksplanen vil verte lagt fram under styremøtet for dei som ynskjer å gjennomgå denne. Styret gjorde i sak 046/06 fylgjande vedtak;

1. "Forslag til revidert strategi- og tiltaksplan for 2006 og 2007 vert sendt på høyring til helseføretaka og hovudsamanslutningane med høyringsfrist 01.08.2006.
2. Tilbakemeldingane på høyringa vert gjennomgått av styringsgruppa for Nasjonal IKT og endeleg forslag til revidert strategi- og tiltaksplan vert lagt fram til handsaming i september 2006."

Strategi- og tiltaksplanen er sendt til høyring i alle helseføretaka og hovudsamanslutningane i Helse Vest RHF med høyringsfrist 01.08.2006. Nasjonal IKT har handsama tilbakemeldingane frå alle dei 5 RHF. Tilbakemeldingane frå høyringa viser at det er brei tilslutning til Nasjonal IKT sin strategi- og tiltaksplan og tilbakemeldingane er i stor grad positive. Det er motteke nokre innspel som vil verte vurdert ved neste revisjon av strategiplanen.

Med grunnlag i den breie tilslutninga til strategiplanen som kjem fram av høyringa, vert styra i dei 5 RHF tilråd å godkjenne Nasjonal IKT sin strategi- og tiltaksplan for 2006/2007.

Forslag til vedtak

1. Nasjonal IKT sin Strategi- og tiltaksplan for 2006 og 2007 vert godkjent.